Nasjonalparkstyret
for Reinheimen

Møteinnkalling

Utvalg:	**Nasjonalparkstyret for Reinheimen**
Møtested:	Lesja
Dato:	17.06.2025
Tidspunkt:	09:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

PROGRAM - Synfaring i Lordalen 16.juni og styremøte 17.juni 2025

Måndag 16.juni - Felles synfaring med Lesja fjellstyre i Lordalen
Kl. 10:00 - frammøte ved innkøyring til Lordalen for samkøyring (ved den gamle bommen)
Informasjon og dialog om relevante tema i Lordalen lvo.
Lunsj ved Nysetra eller Slettmohytta avhengig av været.
Det blir servert enkel lunsj, men alle må ta med eiga drikke / kaffe etter behov.
Stopp ved aktuelle plassar i Lordalen, jf. vedlagd program og kart.

Kl. 15:00 - Lesja bygdetun, informasjon om bygdetunet og samarbeid med forvaltninga v/Gudbrandsdalsmusea

Kl. 17:00 - Innkvartering Dombås Hotell
Kl. 19:00 - middag Dombås Hotell

Tysdag 17.juni - Styremøte i Reinheimen på Dombås Hotell
Kl. 09:00 - 12:00 Styremøte

Kl. 12:00 - Lunsj

Orienteringar:

- Orientering om status for tiltak og prosjekt i Reinheimen området 2025 v/forvaltarar
- Orientering om "*Villreinfangsten som verdensarv",* v/ Trond Stensby

Vel møtt til synfaring i Lordalen og styremøte 16. - 17.juni 2025!

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-Saksnr
ST 25/2025	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 26/2025	Orienteringar		
ST 27/2025	Referatsaker		
	Intern rapport om ulovleg forhold ved hytte i Reindalseter	X	2025/6221
	Referat frå synfaring 22.05.25 - godkjenning av gjennomførte sikringstiltak - Råkån - Finna - Lauva		2024/9143
	Endelig vedtak - klagesak - Tafjorden-Reindalen LVO - Muldalslia NR - barmark - transport av ved og materialer - vedlikehold av veg - Sissel Rogne - Ola Myklebost		2024/4536
	Oppdatert delegering av myndighet etter naturmangfoldloven til statsforvalterne og nasjonalpark- og verneområdestyrer - Nasjonalparkstyret for Reinheimen		2021/1187
	Oppdrag til Miljødirektoratet - utredning av organisering av verneområdeforvaltere - Nasjonalparkstyret for Reinheimen		2024/13634
	SV: Fjellrev - oppsett av tredje fôrautomat i Reinheimen		2024/4894
ST 28/2025	Delegerte saker		
DS 12/2025	Delegert sak - endring av vilkår - Ottadalen LVO - 2025 - snødekt mark - byggetiltak på fiskebu ved Honnsjoen - Håkon Øverli		2023/1939
DS 13/2025	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Lordalen LVO - snødekt mark - utkøyring og plassering av båt - Fellingsvatnet - Morten Olesen		2025/2588
DS 14/2025	Delegert sak - endring av vilkår - Ottadalen LVO - snødekt mark - transport av ny damluke til damanlegg - Kroketetjern vasslag		2025/3221
DS 15/2025	Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO - snødekt mark - transport av båt - Honnsjoen - Thorstein Steinehaugen		2025/3548
DS 16/2025	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorbåt - Leirungsvatnet - Konrad Soglo		2025/2053
DS 17/2025	Delegert sak - dispensasjon - Tafjorden-Reindalen LVO - helikopter - frakt av materialer til Tjønnebu - DNT Sunnmøre		2025/6030

DS 18/2025	Delegert sak: Reinheimen NP - Finndalen LVO - dispensasjon - skadefelling ulv - Nord-Fron kommune		2025/5644
DS 19/2025	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - snødekt mark - utkøyring av søppel og båt - Leirungsvatnet - Torill Marie og Svein Peder Wassæther		2025/4879
DS 20/2025	Delegert sak - dispensasjon - Romsdalen LVO - snødekt mark - Brøste - Kosibu - Ingvild Kylling		2025/4194
DS 21/2025	Delegert sak - dispensasjon - Trollstigen LVO - tråkking av skiløype - Slettvikane - Valldal IL ski		2025/4545
DS 22/2025	Delegert sak - dispensasjon - Romsdalen LVO - snødekt mark - barmark - Røestua - Tungaseter - Lars Guthorm Røe		2025/3872
DS 23/2025	Delegert sak - dispensasjon - Romsdalen LVO - snødekt mark - transport til hytte på Reset - Unni Slettaløkken		2025/3993
DS 24/2025	Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2025 - snødekt mark - 2 ekstra turer - Skarvedalseggen (ROL100) - Skarfjellenden (RMR057) - Motorola Solutions Norway		2021/458
DS 25/2025	Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO - snødekt mark - transport av ny damluke til damanlegg - Kroketetjern vasslag		2025/3221
DS 26/2025	Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO - snødekt mark - varetransport / utkøyring av søppel - Lortjønn - Sevald Bismo		2025/3817
DS 27/2025	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - snødekt mark - transport av båt - Bollvatnet - transport av utstyr til garnkasse - Storvatnet - Ola Lundemo		2025/1305
DS 28/2025	Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO - Finndalen LVO - snødekt mark - transport av materialer - byggetiltak på fiskebu ved Stor-Lusa - 159/1/20 - Kristin Skaansar		2025/1995
DS 29/2025	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorbåt - Leirungsvatnet - Sondre Bakken Tundrali		2025/3072
ST 29/2025	Ottadalen LVO - dispensasjon - 2025 - restaurering av Rundhaugsbu - Liafjellet - Lia grunneigarlag SA		2025/4413
ST 30/2025	Reinheimen NP - dispensasjon - 2025 - utplassering av Fjellgeitposter - Tverråhytta - Fjellgeita - Skjåk IL		2025/5147
ST 31/2025	Tafjorden-Reindalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2025 - helikopter - renovering av naust ved Djupdalsvatnet - Djupdalen - Stian Græsdal		2025/4312
ST 32/2025	Tafjorden - Reindalen lvo - oppfølging av ulovlege inngrep	X	2025/6221

ST 25/2025 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar
ST 26/2025 Orienteringar
ST 27/2025 Referatsaker
Intern rapport om ulovleg forhold ved hytte i Reindalseter
Referat frå synfaring 22.05.25 - godkjenning av gjennomførte sikringstiltak - Råkån - Finna - Lauva
Endelig vedtak - klagesak - Tafjorden-Reindalen LVO - Muldalslia NR - barmark - transport av ved og materialer - vedlikehold av veg - Sissel Rogne - Ola Myklebost
Oppdatert delegering av myndighet etter naturmangfoldloven til statsforvalterne og nasjonalpark- og verneområdestyrer - Nasjonalparkstyret for Reinheimen
Oppdrag til Miljødirektoratet - utredning av organisering av verneområdeforvaltere - Nasjonalparkstyret for Reinheimen
SV: Fjellrev - oppsett av tredje fôrautomat i Reinheimen
ST 28/2025 Delegerte saker
DS 12/2025 Delegert sak - endring av vilkår - Ottadalen LVO - 2025 - snødekt mark - byggetiltak på fiskebu ved Honnsjoen - Håkon Øverli 2023/1939
DS 13/2025 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Lordalen LVO - snødekt mark - utkøyring og plassering av båt - Fellingsvatnet - Morten Olesen 2025/2588
DS 14/2025 Delegert sak - endring av vilkår - Ottadalen LVO - snødekt mark - transport av ny damluke til damanlegg - Kroketetjern vasslag 2025/3221
DS 15/2025 Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO - snødekt mark - transport av båt - Honnsjoen - Thorstein Steinehaugen 2025/3548
DS 16/2025 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorbåt - Leirungsvatnet - Konrad Soglo 2025/2053
DS 17/2025 Delegert sak - dispensasjon - Tafjorden-Reindalen LVO - helikopter - frakt av materialer til Tjønnebu - DNT Sunnmøre 2025/6030
DS 18/2025 Delegert sak: Reinheimen NP - Finndalen LVO - dispensasjon - skadefelling ulv - Nord-Fron kommune 2025/5644
DS 19/2025 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - snødekt mark - utkøyring av søppel og båt - Leirungsvatnet - Torill Marie og Svein Peder Wassæther 2025/4879
DS 20/2025 Delegert sak - dispensasjon - Romsdalen LVO - snødekt mark - Brøste - Kosibu - Ingvild Kylling 2025/4194
DS 21/2025 Delegert sak - dispensasjon - Trollstigen LVO - tråkking av skiløype - Slettvikane - Valldal IL ski 2025/4545
DS 22/2025 Delegert sak - dispensasjon - Romsdalen LVO - snødekt mark - barmark - Røestua - Tungaseter - Lars Guthorm Røe 2025/3872
DS 23/2025 Delegert sak - dispensasjon - Romsdalen LVO - snødekt mark - transport til hytte på Reset - Unni Slettaløkken 2025/3993
DS 24/2025 Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2025 - snødekt mark - 2 ekstra turer - Skarvedalseggen (ROL100) - Skarfjellenden (RMR057) - Motorola Solutions Norway 2021/458
DS 25/2025 Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO - snødekt mark - transport av ny damluke til damanlegg - Kroketetjern vasslag 2025/3221
DS 26/2025 Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO - snødekt mark - varetransport / utkøyring av søppel - Lortjønn - Sevald Bismo 2025/3817
DS 27/2025 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - snødekt mark - transport av båt - Bollvatnet - transport av utstyr til garnkasse - Storvatnet - Ola Lundemo 2025/1305
DS 28/2025 Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO - Finndalen LVO - snødekt mark - transport av materialer - byggetiltak på fiskebu ved Stor-Lusa - 159/1/20 - Kristin Skaansar 2025/1995
DS 29/2025 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorbåt -

Nasjonalparkstyret
for Reinheimen

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2025/4413-2 **Saksbehandlar:** Kristine Sørlie **Dato:** 06.06.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	29/2025	17.06.2025

Ottadalen LVO - dispensasjon - 2025 - restaurering av Rundhaugbu - Liafjellet - Lia grunneigarlag SA

Innstilling frå forvaltar

Med heimel verneforskrift for Ottadalen landskaspvernområde § 3, 1.2. a) 1.3.a) og får Lia grunneigarlag SA dispensasjon til renovering, utviding og nytt tak på Rundhaugbue ved Vikateppingi på Liafjellet.

Nytteverdien er vurdert som større enn ulempene, og tiltaket vil ikkje føre til auka bruk eller få negativ innverknad landskapsverdiar eller verneformål.

Dispensajson er gjeve med følgjande vilkår:

- Rundhaugbua kan jekkast opp slik at ringmuren vert heva med inntil 15 cm.
- Etter restaurering (isolasjon og ny utvendig kledning) kan arealet på bua, målt utvendig, vera inntil 24 m^2.
- Ny ståande utkledning skal påførast same farge som på eksisterande uthus.
- Vindauga kan skiftast ut, og nye vindauge skal ha same storleik, utforming og utvendig farge som i dag.
- Takutstikka kan utvidast med 10 cm, i tillegg til nye takrenner inkludert nedløp.
- Takmaterialet kan skiftast ut med ei mattare overflate som går fram i søknaden.
- Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding og fjerning av bygningsavfall frå verneområdet er: **01.08.2027**

Det blir gjort merksam på at SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Ottadalen landskapsvernområde, og tiltakshaver må avklare tiltaka med evt. kommunen.

Dispensasjon til motorisert ferdsel for transport av byggematerialar og opprydding må avklarast nærare med forvaltar og blir behandla som eiga delegert sak.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad frå Lia gruneigarlag v/leiar Fred Morten Kolden, journalført 09.04.25

Saksopplysningar

Søknaden

I søknaden står følgjande:
«*Lia grunneigarlag har fleire tilsynsbuer på Liafjellet. Rundhaugsbua er ei av desse og er plassert ved Rundhaugen i Ottadalen LVO. Bua ligg sentralt i beiteområdet for Lia beitelag, og er ofte brukt i samband med beitetilsyn sommar og haust. Bua står open for ålmenta heile året, og blir brukt som turmål for dagsturar eller overnatting. Det er vedovn og moglegheiter for å lage seg mat i bua. Bue ber preg av alder og slitasje, og treng å restaurerast for å kunne brukast i åra framover. Dette er eit fellestiltak som vil koma alle beitebrukarane i området til gode, samstundes som dei som nyttar bua til dagstur og evt. overnatting også vil kunne nyte godt av tiltaket. Restaureringsarbeidet er tenkt gjennomført i løpet av sommaren 2025.*

Eksisterande bu består av laftekasse som er kledd utvendig, og utvendige mål er 4,1 x 5,2 m. Om vinteren driv det inn snø, og den er heller ikkje musetett. Det planlagte restaureringsarbeidet omfattar å jekke opp bua for å evt. skifte ut roten botnsvill. Vidare er det aktuelt å heve den permanent med 5-15 cm ved å mure ein ringmur med stadeigen stein, dette for å unngå råte. Den utvendige kledninga skal rivast av og skiftast ut med ny ståande kledning. For å få bua tettare, samt betre lufting og isolasjon, vil det bli montert på vindtetting mot tømmerkassa, før utlekting og kledning. Dette gjer at buavil få dei utvendige mål auka med inntil 10 cm både på lengd og breidd. Dei eksisterande glasa blir skifta ut med nye glas. Takutstikk på eksisterande bygning er lite, og gjer sitt til vatn ikkje blir drenert burt frå vegg og mur. Det er såleis ynskjeleg å utvide takutstikketmed inntil 10 cm, og ettermontere takrenner med nedløp. Det gamle bølgjeblekktaket blir erstatta med takplater av typen a-tak, i matt svart farge. Det blir også nye vindskier og frontbord.

Bygningsmaterialet er tenkt frakta inn og ut etter eksisterande kjørespor frå Liasetra, og det blir med dette søkt om inntil 4 turar tur/retur.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

Formålet med oppretting av Ottadalen Ivo er fyrst og fremst knytt til naturkvalitetane i området, der leveområdet til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde står sentralt. Ein tilleggsverdi er at ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv i områda med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Verneforskrift § 2:
«*Formålet med Ottadalen landskapsvernområde er å:*
- ta vare på eit eigenarta naturlandskap som del av eit samanhengande høgfjellsområde.
- ta vare på det det biologiske mangfaldet i området, med særleg vekt på villreinstammen i Ottadalen nord.
- ta vare på kulturminne mellom anna knytt til vatningsanlegg

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrttelegging»

Ottadalen landskapsvernområde er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot oppføring, påbygging og ombygging av byggningar eller anlegg, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1.

Reglane i pkt. 1.1. er ikkje til hinder for vedlikehald av eksisterande bygningar, når det ikkje fører til endring av storleik eller eksteriøret på bygningen. (jf. § 3, pkt. 1.2 a))

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i verneforskrifta, § 3, pkt. 1.3. a), gje løyve til:

a) *Ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplanen.*

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen for Reinheimen er ei presisering av korleis vernereglane skal praktiserast.

Bygningane i Området i Ottadalen Ivo ligg i ope og sårbart høgfjell, og det vil i følgje forvaltningsplanen vere strenge restriksjonar på utviding/tilbygg i området.

Byggeskikk § 3, pkt 1.2, a og 1.3, a, b, i forvaltningsplanen s. 143:.

«*Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i*

- *Materialval*
- *Byggjeteknikk*
- *Utforming og farge,*

jf. opplistinga ovafor.

Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemmande i landskapet.

Vedlikehald § 3, pkt 1.2, a.
Direkte heimla i verneforskrifta er normalt innvendig og utvendig vedlikehald som skifte av kledning, dører, glas og tak som ikkje fører til endring av storleik eller fasade er tillate utan søknad.

Alle former for fasadeendringar og utvidingar er søknadspliktige i landskapsvernområdet. Vedlikehald omfattar ikkje ombyggingar som fører til endra bruk av bygget.

Ved vurdering av om eit tiltak er ei fasadeendring vil ein leggje vekt på om endringa fører til at bygget blir meir eksponert i høve til omgjevnadene. Val av skarpe fargar til utvendig maling, blanke blikktak m.m. på bygningar som ikkje hadde dette frå før er å rekne som fasadeendringar. Bordkledning av tømmerhus reknast som ei søknadspliktig fasadeendring.

Det er tilstanden på taket som avgjer om arbeidet er å rekne som nybygg /oppattføring eller vedlikehald.

Tilbygg og ombygging § 3, pkt. 1.3 a:
«*Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til tilbygg og ombygging av eksisterande bygningar. Ved søknader om ombygging skal ein vera restriktiv med å tillate ombygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar. Dette må vegast opp mot verneføremålet og målet om ta vare på landskapets sin karakter.*

Verneforskrifta viser til at forvaltningsplanen skal gje retningsliner for tilbygg og utviding av eksisterande bygningar. Ut frå verneformålet er det ikkje formålstenleg å opne for vesentleg utviding av eksisterande hytter. Ein kan likevel sjå at det kan vere behov for mindre utvidingar i samband med tilpassing av bygg og behov for uthusfunksjonar.»

Naturmangfaldlova

I tillegg til behandling etter verneforskrift og eventuelle retningsliner i forvaltningsplan må søknaden også vurderast etter naturmangfaldlova § 7 om miljørettslege prinsipp, jf.§ 8 kunnskapsgrunnlag, § 9 føre-var prinsippet, § 10 samlet belastning på økosystemet, § 11 kostnader ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver samt § 12 miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder.

Vurdering

Lia grunneigarlag søkjer om renovering av eksisterande bu og motorisert ferdsel på barmark etter eksisterande køyrespor frå Liasetra fram til Rundhaugbu.

Ei heving av bygget 5-15 cm med ny ringsmur, etterisolering (10 cm isolasjon) utlekting og ny utkledning, nye glas, utviding av takutstikk med inntil 10 cm, nye takrenner og nye takplater, er ei form for både fasadeendring og utviding. Saka må derfor vurderast som søknadspliktig tiltak jf. § 3, pkt. 1.2 a) og utviding § 3, pkt. 1,3 a).

Verneforskrifta og forvaltningsplanen for Ottadalen Ivo har teke høgde for at det kan vera behov for mindre ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar i Ottadalen Ivo. Men i forvaltningsplan er det også presisert at bygningar i dette område ligg i eit ope og sårbart høgfjell, derfor vil det vere strenge restriksjonar på utviding/tilbygg og bygging av uthus. Ein skal og vera restriktiv med å tillate ombygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar i denne delen av verneområdet.

Bruken av området er i hovudsak knytt til utmarksbeite og jakt/fiske. Men fyrst og fremst er området ein del av dei sentrale trekk og beiteområda til villrein. Liafjellet aust for Honnsjøen peikar seg ut som det viktigaste område som vinterbeite til villrein. Det er mye dyr i området på vinter/vår da omlag 2000 dyr trekker frå Liafjelltangen og vidare nordaustover ved Honnsjøen til kalvingsområde og sommarbeite. I kartet under er trekkområdet vist ved det blå feltet, og oppvekst og kalvingsområde som rosa felt. Rundhaugbu og aktuell køyretrase frå Liasetre er markert i kartet under.

Leveområdet til villrein, med vekt på vinterbeite og villreintrekk gjer at retningslinene i forvaltningsplan er strenge ved vurdering av presedens i samband med byggetiltak i Ottadalen Ivo. Kunnskapen om naturverdiar og villrein sin arealbruk i området, sist oppdatert

gjennom kvalitetsnormen (2020), og scenarioanalyse for Puttbudalen (NINA 2023), er god, jf. naturmangfaldlova § 8. Dei årlege villreinteljingane til Reinheimen-Breheimen Villreinutval sørger også for god status for villrein sin bruk i dette området.
Den mest sårbare tida på året for villrein i dette området er vintersesongen, da Liafjellet er eit av det viktigaste vinterbeite for rein. Mesteparten av villreinflokkane beiter på Liafjelltangen i store deler av vinteren. Rundhaugbue er hovudsakleg nytta i samband med beitetilsyn sommar og haust, og vil ikkje vera i konflikt med villreinen sin bruk i området i nemneverdig grad.

Etterisolering, utlekting og ny kledning vil føre til at bua blir utvida i grunnflata med ca. 1 m^2, og vil ikkje endre utforming av bua i nemneverdig grad. Ved påføring av beis som på eksisterande uthus og matt takmateriale vil ikkje tiltaket føre til at bygget dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemmande i landskapet.

Tilsynsbuene er knytt til landbruksdrift, og nytteverdien av vedlikehald og restaurering av eksisterande buer er vurdert som større enn ulempene i samband med gjennomføring av tiltaket. Transport og og byggetiltak vil også gjennomførast på barmarkssesongen i ei periode på året da villrein ikkje beiter på Liafjellet. Tiltaka er også vurdert etter naturmangfaldlovas §§ 8-12, og det er god nok kunnskap om området til å vurdere søknaden, jf. § 8 og 9. Nye glas, etterisolering og ny panel, nytt tak vil ikkje føre til endring i bruk eller få negativ innverknad på verneverdiar eller verneformål.

Det er i tillegg søkt om motorisert transport av byggematerialar til Rundhaugbu etter eksisterande køyrespor frå Liasætre. Under føresetnad av at transporten blir tilrettelagt slik at det ikkje oppstår skader på terreng eller medfører uroing av villrein i sårbare periodar av året, kan ein heller ikkje sjå at aktivitet i byggjeperioden vil verke negativt inn på verneverdiane, jf. § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder. §11 er ikkje vurdert som relevant i dette tilfellet. Dispensajson til til motorisert ferdsel blir behandla som eiga delegert sak.

Nasjonalparkstyret
for Reinheimen

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2025/5147-4 **Saksbehandlar:** Mari Melbø Rødstøl **Dato:** 30.05.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	30/2025	17.06.2025

Reinheimen NP - dispensasjon - 2025 - utplassering av Fjellgeitposter - Tverråhytta - Fjellgeita - Skjåk IL

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 1.3, f) og pkt. 5.2 får Fjellgeita i Skjåk IL, dispensasjon til å sette opp retningsskilt i startpunkt og i stigkryss, og ein turorienteringspost ved Tverråhytta, i Reinheimen Nasjonalpark.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjon til oppsetting av skilt og turorienteringspost gjeld i sommarsesongen 2025.

- Skiltet skal settast opp etter 1.juli av omsyn til sårbare fuglelokaliteter i Tordalen.

- Retningsskilt og turorienteringsposten skal fjernast og fraktast ut av området når fottursesongen er over.

- Innan 31.desember, skal Fjellgeita Skjåk IL sende ein stutt rapport på e-post til Nasjonalparkstyret for Reinheimen, for å dokumentere aktiviteten og ferdsel til turorienteringsposten.

- Nasjonalparkstyret for Reinheimen kan be om at retningsskilt og turorienteringsposten vert fjerna, dersom tiltaket fører til skade for verneverdiar i området.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad via e-post frå Simen Toven 29.04.25

Saksopplysningar

Bilete av fjellgeitposten

Søknaden

Simen Toven søker på vegne av Fjellgeita i Skjåk IL, om tillatelse til å sette opp retningsskilt og en turorienteringspost ved Skarvedalshytta og ved Langvatnet i hhv Reinheimen og inntil Breheimen nasjonalpark.

Fjellgeita er ei undergruppe i Skjåk Idrettslag.

Fjellgeita er ett turorienteringstilbud for barn, ungdom og voksne i Skjåk. Dette foregår ved at vi hvert år setter ut 10 stempelposter rundt omkring i kommunen, og deler ut Fjellgeitfolder til alle husstander, i tillegg til at vi også legger ut foldere hos biblioteket og i noen butikker i bygda. Alle som stempler på 4/6 turer (under/over skolealder) får premie. Vår visjon er å få barn, ungdom og voksne ut i naturen / til å bli glad i naturen / til å bli kjent i Skjåk.

Vi har planer om å ha en post innenfor begge våre nasjonalparker sesongen 2025 (mai - oktober).

Selve posten består av en stempelpost og i tillegg vil det bli noen retningsskilt strategisk plassert ved startpunkt og stiskiller for å vise vei, se vedlagte bilder.

Alt blir fjernet igjen når sesongen er slutt i løpet av høstferien, og vår aktivitet skal ikke lage noen permanente inngrep.

Opplegget er det samme som tidligere år. Fjellgeita har pågått siden 2004 og det er hvert år ganske mange både barn og voksne som går disse turene. For mere informasjon om vår aktivitet, se nettsiden https://skjakil.no/fjellgeita/, eller vår Facebookside. Håper dette er greit og at vi kan gjennomføre dette som tidligere.

Forvalter forhøyrde seg med både villreinnemd og villreinutval då Skarvedalshytta ligg i eit område det har vore mykje villrein dei siste sommarane.

E-post frå Tor Taraldsrud i villreinnemda: 06.05.25

-Området rundt Skarvedalshytta er viktig med tanke på trekk mot nordvest. Villreinen sin bruk av nordvestområda er dårlegare enn ynskjeleg, derfor prøver ein å skjerme dei delane som kanskje fungerer som flaskehalsar for trekk. Fint at Fjellgeita er fleksible med tanke på alternative plasseringar. Tverråhytta er eit bra turmål og truleg noko mindre viktig for villreintrekk.

Fjellgeitturar varierer frå år til år. Dei bidreg derfor i liten grad til å etablere faste ruter med forstyrring av villrein. Likevel bør ein i størst mogleg grad legge turmåla utanom viktige område for villrein.

Epost frå forvaltar til søkjar: 06.05.25.

Hei Simen

Takk for samtalen.

Da forstod jeg det slik at det var greit for dere å legge langturposten til Tverråhytta istedenfor til Skarvedalshytta. Vi har de siste årene sett at villreinen holder seg en del rundt Skarvedalshytta, og for å unngå unødig forstyrring, er det fint om vi unngår en turpost dit. (Jeg har også diskutert dette med Tor Taraldsrud og Kristen Dagsgard og setter dem på kopi).

Det er lagt ny DNT-sti på østsiden av Tora elv og bru over Tverråa til Tverråhytta. Slik jeg forstod det, mente Kristen Dagsgard i Skjåk Almenning, at hytta kunne stå åpen for de som gikk til fjellgeitposten dit.

Fint om du kan bekrefte denne e-posten, så skal jeg behandle en søknad om turpost til Tverråhytta.

Tusen takk for at dere ville ta hensyn!

Ny e-post frå Simen Toven 05.05.25

Som vi pratet om på telefonen vil vi da sette årets post ved Tverråhytta, og ikke Skarvedalshytta for å spare villrein for menneskelig atferd i fjellheimen.

Vi legger opp til å følge den nye DNT-stien i turbeskrivelsen som går ut til folket.

Regner med vi får en dato for når posten tidligst kan settes ut?

Koordinat: UTM 32 Euref 89: Nord 6883990 Aust 437686

Takk for praten!

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

Formålet med Reinheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande villmarksprega fjellområde, der leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord, er sentralt i verneføremålet. Verneverdiane er også knytt til eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald.

1.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

f. Oppsetting av skilt og merking av stiar i medhald av forvaltningsplanen.

5.2. Organisert ferdsel

Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta, jf. forvaltningsplanen.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen står det følgjande om oppsetting av skilt: Forvaltningsstyresmakta kan vidare etter søknad gje løyve til merking av stigar og oppsetting av skilt i medhald av forvaltningsplanen (jf. kart nr. 2).

I forvaltningsplanen s. 42 står følgjande om organisert ferdsel: *«Organisert ferdsel og ferdselsformer som er til skade § 3, pkt 5.2, 5.3.*

All ferdsel skal skje med omsyn til landskap og naturmiljø. Med direkte heimel i verneforskrifta er det tillate med organisert turverksemd til fots når dette ikkje er til skade for naturmiljøet. Organisert ferdsel er ferdsel der person, lag, firma eller liknande planlegg, koordinerer eller arrangerer turen, og det er tale om verksemd med grupper av deltakarar, ein aktivitet som blir gjenteke eller der aktiviteten er kunngjort på førehand. Utsetting av postar for turorientering, topptrim, trimpostar og liknande innafor nasjonalparken kjem også inn under organisert ferdsel.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Vurdering

Tiltaket dreier seg om organisert ferdsel, med merking av løypa og annonsering. Skjåk Il ynskjer få folk til å gå på tur i naturen, og tiltaket er eit helsefremmande føremål. Friluftsliv er ein tilleggsverdi i nasjonalparken, nedfelt i formålsparagrafen for Reinheimen nasjonalpark, § 2: «*Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

Fjellgeita i Skjåk IL har fått løyve til å sette opp retningsskilt og turpost om oppsetting og på Einstulkampen og Storhøhytta i Reinehimen nasjonalpark i 2019 og 2020 og i 2021 gikk turen til Tverråhytta.

Tilretteleggingstiltaket fører til begrensa ferdsel, og belastning i verneområdet. Det er likevel viktig å følgje med på utviklinga av aktiviteten.

Fjellposten skal settast opp ved Tverråhytta i Reinheimen nasjonalpark. Det er etablert en ny DNT-trase frå Billingen inn Tordalen til Tverråhytta. Det vil naturlegvis vera aktuelt å sette opp retningsskilt frå stigstarten, og evt i stigkryss undervegs.

Det er god oversikt over biotopar og artsmangfald i området. Tilretteleggingstiltaket for ferdsel er i eit område der leveområde for villrein er sentralt føremål.

I Tordalen er det eit område med ein sårbar rovfugllokalitet. Den nye DNT-traseen er betre plassert i fht denne lokaliteten, men for å være føre var er det lurt å vente til etter 1. juli med å oppfordre til turar inn i dette området.

Vi har ein sårbarhetsvurdering for rovfugl frå 2018 i dette området: (*Høitomt, G. & J. Opheim 2018. REINHEIMEN NASJONALPARK (med tilliggende verneområder) - Sårbarhetsvurdering rovfugl/våtmarksfugl 2017. Kistefoss Skogtjenester, Rapport nr. 6 2018.)* Lokaliteten er spesielt sårbar i perioden 01. februar til 15. juli. Av omsyn til sårbare fuglelokalitetar i området er det viktig at ein venter med å sette opp fjellgeitposten til juli.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er godt dokumentert gjennom artsdatabasar og rapportar. Det er god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. Dersom ein observerer rovfugl eller andre sårbare viltartar, er det viktig å halde god avstand for å unngå unødig forstyrring.

Kunnskapsgrunnlaget er er godt, jf. nml § 8, og det er ikkje naudsynt å ta i bruk «føre-varprinsippet» § 9 i nml.

Belastninga av ferdselen i området i samband med turorienteringspostane til Fjellgeita i Skjåk er små. Det er aksept for tilrettelegging med midlertidig oppsetting av skilt i barmarksesongen, til i Reinheimen nasjonalpark. Forvaltninga sett pris på velvilja til Skjåk Il om å heller legge turen til Tverråhytta av omsyn til villrein. Den nye traseen til Tverråhytta og utsetting av posten først 1. juli, vil avbøte fortyrringa til rovfugl i området.

Med dei omsyn som er tatt, vil ikkje tiltaket gå ut over verneformål eller verneverdiane i området.

Nasjonalparkstyret
for Reinheimen

Saksframlegg

Arkivsaksnummer:	2025/4312-4	Saksbehandlar:	Mari Melbø Rødstøl	Dato:	30.05.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	31/2025	17.06.2025

Tafjorden-Reindalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2025 - helikopter - renovering av naust ved Djupdalsvatnet - Djupdalen - Stian Græsdal

Innstilling frå forvaltar

1. Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Stian Græsdal avslag på søknad om å frakte inn ein gravemaskin med helikopter, og utføre graving med gravemaskin ved naustet ved Djupdalsvatnet i Tafjorden- Reindalen landskapsvernområde.
   Bruk av gravemaskin til dette tiltaket vil kunne påverke verneverdiane negativt og vil vera i strid med verneformålet i Tafjorden-Reindalen lvo.

2. Med heimel i verneforskrift for Tafjorden – Reindalen lvo § 3, punkt 5.3 bokstav c, får Stian Glæsdal løyve til bruk av helikopter i samband med frakt av materialar til naust ved Djupdalsvatnet og utfrakting av gammalt tak på returen.

<u>Dispensasjonen til materialtransport er gjeve med følgjande vilkår:</u>
- Dispensasjonen gjeld for 1 tur og skal gjennomførast i løpet av 2025.
- SNO ved Thomas Rødstøl (tlf.: 915 47 617), skal varslast på SMS dagen før køyring.
- Søkjar skal sørge for at piloten har fått ein kopi av dispensasjonen.
- Utfylt køyrebok og dispensasjon skal vera med på turen (jf. motorferdselforskriften § 7).

Transporten skal skje skånsamt av omsyn til dyreliv, naturmiljø og friluftsliv. Ta spesielt omsyn til villrein og rovfugl.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrifta og naturmangfaldlova. Det er søkjer sitt ansvar å avklare tiltaket med evt. andre myndigheiter og grunneigarar.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Stian Græsdal 10.07.2024.
- Delegert sak: Delegert sak - dispensasjon - Tafjorden-Reindalen LVO - helikopter - renovering av naust ved Heimstevatnet - Djupdalen - *Sti an Græsdal.* 19.09.2024.
- Søknad frå Stian Græsdal på e-post 01.04.2025 med etterfølgjande informasjon 09.04.2025 og 23.05.2025.

Saksopplysningar

Stian Græsdal søkte i 2024 om løyve til å frakte nytt bølgeblikktak og utfrakting av gammalt tak på eit lite naust ved Djupdalsvatnet i Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde. Dette fekk han løyve til sak: 2024/8248 gitt 24.07.2024, med frist om å gjennomføre det ila 2024.

Han fekk ikkje gjennomført flyginga i fjor og han ynskjer no i tillegg å flyge opp ein gravemaskin for å rette opp steinmuren som er på veg til å skli inn i naustet.

Søknaden

Søknad på e-post: 01.04.2025

Reparasjon av mur og nytt tak.

Søkte ifjor men vart ikkje utført. Ved nærmere ettersyn så må den eine veggen

reparerest. Den er på vei til å skli inni naustet. Vi ønsker då å flyge opp ein

minigarver til dette arbeidet. Skal også bytte taket samt flyge opp

Han søkte om 8 turar ila juli-august 2025

Tilleggsopplysningar på e-post 23.05.2025

Viser til telefonsamtale angåande rehabilitering av naust i Djupdalen.

Fant noen bilder som viser bedre. Sett forfra så er de muren på venstre siden som er problemet. Vi ønsker å grave vekk massen som trykker muren inni naustet som gjer att plassen inne blir mindre og mindre for kvart år og frykter att den raser inn snart. Bakfyllet på muren må erstattes med frostfri masse (stedlig stein). Som de viser på bildet (venstre side) der stolpen til naustdøra er festa så ser du kor mykje muren har flyttet seg inn. Vi ønsker å tilbakeføre bredden til oppringelig størelse. Naustet blir ikkje utvida i forhold til takstørelse og portåpning.

Håper vi kan få løyve til å flyge opp en minigraver til å utføre dette arbeidet. Terrenget rundt blir tilbakeført som før.

Slik som naustet er no så kan de ikkje brukast pga bredden. Båten som har måttet ligge ute er ødelagt pga snøtrykket.

Håper dette er meir for forklarande.

frå søknaden i 2024:

Stian Græsdal søkjer om å nytte helikopter for frakt av vedlikehaldsmaterialer for å reparere tak i naust ved Heimstevatnet i Djupdalen. Forvaltar har vore i telefonkontakt med søkjar for å høyre om arbeidet med naustet ville føre til fasadeendring. Stian Græsdal fortalde at bølgeblikktaket på naustet skulle skiftes ut med nytt bølgeblikktak. Det er da ikkje snakk om ei fasadeendring. Det gamle taket kan fraktast ned igjen på returflyginga.

Bilete av naustet.

Raud prikk syner plassering av naust. (Norgeskart)

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024.

Søknaden er vurdert i samsvar med:
- Verneforskrift for Tafjorden- Reindalen lvo, 24.11.2006
- Forskrift for Reinheimen NP 24.11.2006.
- Naturmangfaldlova, 19. juni 2009 nr. 100.
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010.

Verneforskrift og verneformål:
Formålet med opprettinga av Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde er å:
• ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med innslag av kulturlandskap der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart
• ta vare på eit samanhengande område varierande frå høgfjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til rike lauvskoglier langs Tafjorden
• ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Etter verneforskrift for Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde er i utgangspunktet all motorferdsel forbode. Forvaltningsmyndet kan etter § 3 pkt. 5.3 bokstav c i verneforskrifta gje løyve til m.a: Luft- og snøscootertransport av brensel, materialar, utstyr og proviant til setrer, buer, hytter mv.

Forvaltningsplan.

Forvaltningsplanen for Tafjorden -Reindalen lvo utdjupar vernereglane.; Luftfartøy § 3, pkt 5.3,c.
Søknader om lufttransport skal berre innvilgast ved særleg behov som samla gjev mindre motorferdsel.
Det er ikkje høve til å gje dispensasjon for landing med luftfartøy for tur – eller reiselivsformål.

Den lokale byggeskikken er og omtala i forvaltningsplanen.

Av teknikk er det nemnd: *natursteinsmur rett på mark som ikkje er arbeidd*

Byggjeskikk § 3, pkt 1.3.

Den lokale rettleiaren for Norddal, samt kjenneteikna som er skissert i dette kapittelet skal følgjast ved nybygging, ombygging, tilbygg og vedlikehald av eksisterande bygningsmasse

Vedlikehald § 3, pkt 1.2, b,

Vanleg vedlikehald er direkte heimla i verneforskrifta. Vanleg vedlikehald må ikkje medføre endring i storleik eller eksteriør på bygningen. Endring i eksteriør er til dømes å skifte til andre typar glas, male utvendig i ein annan, framståande farge, å leggje blikktak der det før var torv eller å bordkle tømmerhus som ikkje var vore bordkledt tidlegare. Det er tilstanden på taket som avgjer om arbeidet er å rekne som nybygg /oppattføring eller vedlikehald.

Motorisert ferdsel:

Talet på turar skal normalt avgrensast, t.d. slik:

på vinterføre 1 – 5 turar

på barmark 1 – 3 turar

i lufta 1 – 3 turar.

Naturmangfaldlova:
Naturmangfaldlova § 48 gir heimel til å gjere unntak frå verneforskrifta dersom det ikkje er i strid med verneformålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8- 12, og presedensverknad.

Bruk av gravemaskin ikkje spesifisert i verneforskriftene, og tiltaket må vurderast som unntak frå vernereglane, og behandlast som dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48: « ..*det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og det ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig».* Dispensasjonsregelen er i utgangspunktet meint for uføresette tilfelle som ikkje vart vurdert ved oppretting verneområdet, i fyrste rekke bagatellmessige inngrep eller forbigåande uro. § 48 fyrste alternativ dekker forhold der verneføremålet og verneverdiane toler enkeltståande avvik frå vernereglane.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Vurdering

Stian Græsdal søkte i 2024 om løyve til å nytte helikopter for å frakte opp nytt bølgeblikktak til naustet sitt, og ta med det gamle taket ned att. Dette fekk han løyve til, med frist for gjennomføring innan utgangen av 2024. Arbeidet vart ikkje gjennomført, og han søkjer no om fornya løyve for 2025. I tillegg søkjer han om å fly opp ein gravemaskin for å utføre graving i samband med utbetring av steinmuren ved naustet. Muren, som held taket oppe, er i ferd med å gli inn i naustet, noko som hindrar plassering av båt.

Naustet er truleg oppført ved hjelp av handemakt, der lokal stein er nytta til å bygge muren. Det vert no søkt om åtte helikopterturar og løyve til terrenginngrep for å fjerne massar som pressar på muren.

Motorferdsel kan påverke fauna negativt, særleg i sårbare periodar som kalving og hekking. Rovfugl og villrein er spesielt utsette. I tillegg verkar motorstøy forstyrrande på friluftslivet. Det er difor eit mål å halde motorisert ferdsel på eit minimum i verneområdet. Det er heimel i verneforskrifta til å gje løyve til helikotertransport til buer ol, og søkjar har eit akseptabelt behov for eit helikopterløft for å få frakta tak både opp og ned Djupdalen. Forstyrringa vil her være forbigåande.

Forvaltar vurderer at arbeidet med steinmuren, som truleg opphavleg vart gjort med handemakt, framleis kan utførast manuelt. Stein kan flyttast for hand, og massar kan fjernast med spett og spade. Bruk av gravemaskin vert vurdert som unødvendig på fjellet (og i landskapsvernområpde) og ein veit og at terrenginngrepet ofte vert større ved bruk av gravemaskin.

Tiltaket må vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7. Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er godt nok dokumentert gjennom naturbasen. Det er god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. Det er ikkje registrert nokon sårbare hekkelokaltitetar i dette området og det er heller ikkje eit område villreinen bruker i dag. Om ein allikevel observerar rovfugl, villrein eller andre sårbare viltartar, er det viktig å halde god avstand for å unngå unødig forstyrring, jf. føre-var-prinsippet i nml § 9.

Etter § 10 "Økosystemtilnærming og samlet belastning", skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrring i verneområdet. Det er lite behov for transport i dette området så samla belasting blir ikkje stor. § 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Spørsmålet er vurdert til ikkje relevant.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Bruk av helikopter er ein føremålstenleg metode for å løyse transportbehovet for å frakte bølgeblikkplater. Bruk av gravemaskin for å flytte på steinmuren til dette naustet, synes unødvendeg, då dette er eit arbeid som kan gjerast med handemakt i verneområdet. Tiltaket fremstår som uforholdsmessig i forhold til behovet dette enkle naustet har og det faktum at det ligg i eit lansdskapsvernområde.

Tiltaket om å fly inn gravemaskin og nytte denne til å rette opp muren vurderes som unødvendig og i strid med både verneforskrift og forvaltningsplanens føringar. Eventuelle arbeider rundt naustet bør gjennomførast manuelt, i tråd med områdets verneverdiar og forvaltningsplan.

Forvalter har vært i kontakt med Kulturvernavdelinga ved Møre og Romsdal fylkeskommune angåande dette naustet. Dei råder til at ein kan nytte tradisjonshandverkarar på tørrsteinsmuring, ein kompetanse som allereie finns i fylket.

Dispensasjonen i delegert sak: 2024/8248 om å nytte helikopter til å flyge bølgeblikktak utvidast til å gjelde for 2025.